



Arild Solsvik
Hellandsneset 30
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1655 - 23/21788

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.03.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 438/5 Helland

Tiltak: arealoverføring/tilleggsareal
Byggjestad: Gbnr: 438/5
Tiltakshavar: Arild Solsvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om arealoverføring 22.02.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel
Alle naboar er ikkje varsla. Vedlagt følgjer naboliste. Mottakarbruket er også påført denne, men treng ikkje varslast. Dersom ein eigedom har fleire heimelshavarar må alle varslast/signera på skjema.
De skriv at kommunen er varsla ved e-post. Dokumentasjon som viser kva som er varsla og at kommunen har mottatt varselet må ettersendast.
2. Gjenpart av nabovarsel må leggjast ved. Dette er det skjema som viser kva som er varsla.
3. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag. Dele- og byggegrensa mot vassdrag er 25 meter. Det er nødvendig å søkja om dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg grunngitt søknad. Når det vert søkt om dispensasjon skal kommunen vurdera om omsynet bak byggegrensa vert sett vesentleg til side og om fordelane ved tiltaket er større enn ulempene.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste gbnr 438-5

Mottakarar:

Arild Solsvik

Hellandsneset 30

5936

MANGER